




THON HOTELS Thon Hotel Høyers

– Ditt klassiske fullservicehotell i Grenland

KLIKK HER ►

TA



SAUEULLSFEITT: Understellsbehandling av bilar med økologisk saueullsfeitt har tatt heilt av hos Hans Forberg i Bø. No har grisebonden utvida verksemda. Foto: INGE FJELDDALEN

Hans rustbehandlar bilar med økologisk saueullsfeitt

BØ: Grisebonde Hans Forberg (43) i Bø rustbehandlar køyretøy med økologisk saueullsfeitt. Det har blitt ein kjempesuksess. Nyleg opna han filial i Skien.

Ingebjørg Bø

[E-post](#)

Publisert 07.03.2015 kl. 21:01 Oppdatert 07.03.2015 kl. 21:09

– Det har bare tatt heilt av. Kjempemoro, glisar grisebonden på Forberg i Bø, og syner til dei 500 behandla bilane i året som har gått. Bonden, som også er utdanna mekanikar, er med dette med på å gje meir tradisjonelle understellsbehandlingar ein konkurrent. Han erfarer at ull på ingen måte er tull.

GODE EIGENSKAPAR

– Behandlingsmiddelet har synt seg å ha veldig gode eigenskapar på køyretøy. Det pustar og ein slepp det vanlege oljesølet, fortel Forberg om den økologiske oljen som har vore bruka i skipsindustri og oljebransje sidan 1940-talet. Gjennom «Telemark antitrust» breiar han nå om seg i fylket innan bilindustrien også, som eit miljøvenleg alternativ. Eit bilfirma i Østfold var først ute på norsk grunn for eit par år sidan.

Tjenester



EIENDOM (509)



STILLING (59)

– Kven funkar dette best for?

– Alle, vil eg sjølvsagt seie. Men objektivt sett er det særleg i forhold til ruståtak som gjer den store skilnaden. For heilt nye bilar er det nok mykje som kan vere bra, men har dei først byrja å ruste vil eg påstå at det ikkje finst noko som stoppar rustutviklinga tilsvarande som dette.

– Oljen, som er utvunnen av økologisk saueullsfeitt, luktar kanskje også litt annleis enn dei kjemikalane ein er vand med, og det er jo smak og behag det også, slår Forberg fast.

SÅG ETTER BIGESJEFT

Tunge tider i landbruket gjorde at 43-åringen frå Bø såg seg om etter ein bigesjeft i tillegg til arbeidet med å ale opp dei kring 3 000 årlege grisane på garden.

Og da far hans kom heim med bilen sin etter ei understellsbehandling for to snaue år sidan, sette dette grillar i hovudet hans.

– Det var jo så dårleg arbeid og eg ville så gjerne sjå at dette kunne gjerast betre, minnest Forberg, som straks sette seg ned med datamaskina og googla seg fram i behandlingsterenget.

– Då dukka dette amerikanske lanolinbaserte produktet fluid film, opp.

– Eg prøvde meg litt fram, og blei veldig overraska over eigenskapane, fortel Forberg, som ikkje trengte å spinne lenge på erfaringane.

10. mars i fjor starta han «Telemark antirust». Straks hadde han kundar frå heile fylket med seg på laget.

VIND I SEGLA

– Eg hadde håpa på 100-150 kundar det første året. Men med heile 500 køyrety til rustbehandling blei det istaden behov for å utvide, seier Forberg. Første februar hadde han på plass ein filial på Raset i Skien, og fleire folk måtte dessutan til i fjøset på garden.

– Eg har tilsett ein medarbeidar på full tid i griseføset for å frigjere kapasitet til å drive denne verksemda, fortel Forberg overvelda, og gler seg over kva han så langt har fått ut av drifta basert på det økologiske saueullsfeittet.

LITE NEGATIVT Å SEIE

Stadig meir salt på norske vegar vinterstid, aukar også behovet for å understellsbehandle bilar.

– Er ikkje nye bilar skodd for det meste, også salt?

– Eg trudde også det, men av det eg har erfart så langt, rustar det så det susar. Køyrety som ikkje er i kontakt med vegsalt rustar knapt i det heile, så her i sør er ein veldig utsett, seier han.

Dagleg leiar på Bø bil og karosseri i Bø, Torbjørn Gåsaldalen, har lite å setje fingeren på. Bortsett frå lukt og uheldig resultat etter kontakt med gummilister, har han ikkje negativt å seie om det økologiske saueullsfeittet.

– Litt rimelegare, men krev oftare etterbehandling. Sikkert vel så godt som anna, seier Gåsaldalen, og syner til fleire nykomarar innan tektylsjangeren også.



Les mer om: [Bø økologisk Bil og motor bil Nyheter](#)



FLUID FILM: Det amerikanske produktet fluid film, basert på økologisk saueullsfeitt, er eit miljøvenleg alternativ levert i store tønner til bonden i Bø, Hans Forberg. I verkstaden hans på Forberg er det dagelg stor aktivitet. Foto: INGE FJELDDALEN



ALLE KANALAR: Bonde og mekanikar Hans Forberg behandlar både understell, panser, dører og alle kanalar i køyretyet. Den økologiske oljen trekkjer godt inn. Ein anbefalar ei ny behandling etter havtanna år. Foto: INGE FJELDDALEN

NYE MILLIONER SKAL DELES UT

Nå kan **din bedrift** søke støtte fra
Designrevet innovasjonsprogram (DIP)

NORSK DESIGN- OG
ARKITEKTURSENTER

2 kommentarer

LOGG INN ★ E-POSTVARSLING



Din kommentar...